

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: **Sogn og Fjordane**

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: **Leikanger**Emne: **Ymse attåtfer**Bygdelag: **Fresvik**Oppskr. av: **Lasse E. Breilid**Gard: **Breilid**(adresse): **Fresvik i Sogn**G.nr. **44** Br.nr. **3**

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Oppskrifti er etter eigi røynsle og forteljing av gamle folk .

Lasse E. Breilid alder 54 år ,  
han har før det meste havt som heimelsmenn far sin ,  
Eirik Breilid alder 95 år ,  
og grannen ,  
Bendik Breilid alder 88 år .

-----  
"Einstape" - uttalast - "einstabbe" - her i Fresvik .  
-----

Sender inn forteljaren sitt handskrivne svar .  
Gjer vel å send meg kopi når De maskinskriv dette .

Fresvik den 1.mars 1949



N. J. VANGSNES  
FRESVIK - SOGN

2949

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Spørsmål Attåtfor.

2

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Når eg skal svare på desse spørsmål:  
Kva som har vore og vert bruka som  
attåtfor i vår bygd, so vert det mykje  
av spørsmåla, som eg må utelukka,  
avdi det ikkje har vore nytta her.

Men mykje anna hjelpesfor, som ikkje er  
nemnt på desse spørreskjema skal  
eg heller ta med.

Når det gjeld røtter som for, so er  
det i våre dagar svært lite det vert  
nytt. Og dei røtter som one kjemmer  
til har vore og delvis vert nytta er  
"Trauske". Trauskerøttene vert pukka  
på åkeren om våren etter at den er  
upp-pløggd. Ein brukar då hakke og  
grev røttene opp med, ristu vel av  
dei moldi, og legg dei i tångar på  
åkeren. Etterpå sek ein å ber det av  
åkeren i bytter, eller har ein mykje

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2949



so kan ein lesa det i Kyrra og Køyra  
 det vekk. Skal det då brukast som  
 for, vert det lagt i rennande vatn  
 og vaska fint snoldi av. På einrskilde  
 gardar i vår bygd vert desse røtter  
 brukt som for eudi, men helst som  
 næidfor til kyr om våren, når det vert  
 lite om høy og anna stråfor. Desse  
 røttene vert helst brukte i rå til-  
 = stand. Dei vert og rekna som godt  
 mjølkfor, og vart mykje nytta under  
 siste verdenskrig.

### Brezner.

Brezner, Einstape, har ikkje vore  
 nytta her som hjelpefor dei siste  
 50 år. Men føre den tid brukte dei  
 nokk å skjara einstape tidleg på  
 sūmareu. Turka den i hesjar og hadde  
 den i hūs. Om vintereu vart den so  
~~att~~ att-teken og hakka, og brukt



som sørpefor. Dette vart rekna for  
 simpelt for, dersom ein ikkje hadde  
 litt mjøl å strø över med. Var  
 ikkje nytta under siste verdenskrig  
 Tang og Tare.

Tang har vore mykje bruka som faddar  
 og mæidfor her i vår bygd, men ikkje  
 nelt årvisst. Under siste verdenskrig  
 vart det nytta mykje. Tang vart helst  
 sanka i Febr mars og april. Dei reidde  
 ein brukar å skjera tangen med ei,  
 ein stuttgå. (stuttborv) Vert sanka  
 i båt og førd til lands. Vert so koyrd  
 eller bore i sekke på ryggen til gards  
 Tang vart for det meste kott, eller  
 ein sler på kokande vatn og strør  
 litt mjøl över. Dette vart for det  
 meste brukt til kyr griser og geiter.  
 Tang vart ikkje rekna for å vera noko  
 sers godt for, men eit hjelpeleg mæidfor.



Tare vert ikke nytta her.

170 auma for som og kanner til vert nytta her hjå oss, er lyng. Hestelyng (Rosslyng) på mange gardar her, vert Rosslyng nytta som attåttfor men og som mæidfor. Lyngen vert skoren om hausten, eller tidleg på våren med ljå (stuttare). Vert den skoren om hausten, legg dei hau i store stål (dünkar) ute i marki og dekkar yver med kvist og fjerubar. Om vinteren vert den kjørd heim og bukt til sau kyr og hest. Til hest og kyr vert den skoren på hakkemaskin, vert bløytt med vatn og strøydd med kraftfor. 170 auma hjelpefor som vert nytta her er; Ris av bjørk selje og alm. 17lt ris må brukast etter kvart som det vert hogge av. 170 desse rissortar er almeris



rekna for å vera best. Om våren  
når selja går i tvei, nyttar dei og  
borken av aln og selje. Flombork  
er rekna for godt mjølkefor.

Bork av osp vert og delvis nytta  
som attåttfor somme stader her.  
Ein skjær då fyrst vekk ~~borken~~ den  
ypperste borken (Korpen) utaupå  
sriet med bandedniv. Den borken som  
vert nytta, og som ligg nærmast  
veden. Spekkar dei av med banded-  
niv eller skavl. Vert bruka helst  
til kyr. I eldre tider for ca 60-70  
år sidan, brukte folk her å sanka  
reinsmose til dyrefor. Reinsmosen  
tok dei om hausten på fjellet, stappa  
dei i sekker og ~~bar~~ bar dei heim.  
Det var fullt dagarbeid for ein  
mann å få heim ei bøk for dagen.  
(ca 2 sekker.) Reinsmosen vart nytta



7  
til kyr sau og geit. Dei nyttar han  
på denne måten: Ein slo fyrst litt  
varmt vatn yver nosen, etterpå  
strøydde dei ned litt salt, eller  
dei slo yver lake av sild og  
gav dyri det slik.

2949

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING